



Norges  
nasjonalparker

01/12/2018

# Rapport 2018

## Lom nasjonalparklandsby



Foto: Lom kommune ved Ola Rossehaug

Sluttrapporten er levert innan 1. desember 2018

Utført av: Åshild M. Amundsen, landsbykoordinator i Lom kommune.

# Innleiing:

Lom nasjonalparklandsby ynskjer å takke for støtta til nye tiltak i 2018.

Av forskjellige årsakar så vart ikkje tilskotet til nasjonalparklandsbyane så høgt i år, noko som naturlegvis har fått konsekvens for kva som faktisk vart gjennomført i tråd med opprinneleg søknad og kva som måtte nedprioriterast. I rapporten vil du finne ei oversikt over gjennomførte tiltak i 2018 som anten er heilt eller delvis ferdige.

Det har vorte gjennomført to møte i Landsbyrådet i 2018. Her sitt no Magny Hilde som leiar (Norsk fjellsenter), Mari Wedum (Visit Jotunheimen), Arnt Rune Vole (handelsstanden), Bjarne E. Holø (formannskapet), Egil Olav Nyrnes (landsbyvakt) og Torgeir T. Garmo (privat næringsdrivande).

Åshild M. Amundsen er fortsatt koordinator og sekretariat, men går ut i svangerskapspermisjon den 16. november. Vikar for 2019 er førebels ikkje avklart.



Foto: Landsbyrådet i 2018

# 1. Profilering langs Tindevegen

---

Jamfør søknaden om tilskot fekk vi eit tilbod frå Tindevegen Fjellvegen Årdal-Luster SA om profilering langs ein opparbeidd rasteplass i saman med kommunane Årdal og Luster. Området hadde 40 000 passeringar i 2017.

Tilbodet gjekk ut på at Tindevegen la til rette med opparbeiding av grunn, tavler og montering, mens grafikk og informasjon vart utarbeidd og finansiert av kommunen. Platemål (informasjonsflate for kvar kommune) var 1,2 x 1,2 (m).

Fyrste steg for å utarbeide tavla var ei idemyldring med landsbykoordinator og informasjonskonsulent i Lom kommune og dagleg leiar i Visit Jotunheimen. Her vart vinklinga bestemt, i tillegg vart det ein gjennomgang av tilgjengeleg bildemateriell. Tekstskribent vart engasjert for å få ein god tekst på både norsk og engelsk, og deretter var det ein gjennomgang med designar for å få skiltet i tråd med nye merkevare, før opptrykk og montering.

Resultatet kan sjåast under (Lom til høgre i bildet under):





Foto: Profilering av Lom langs Tindevegen

## 2. Infrastrukturtiltak

---

Dette har vorte gjennomført av infrastrukturtiltak i Lom nasjonalparklandsby i 2018:

- Beising av Labyrinthuset og produksjon av namneskilt til Labyrinthuset. Dette er oppfølging frå tidlegare år, da sjølv tiltaket ikkje kunne gjennomførast pga. frost. Finansiert med midlar tildelt før 2018.



Foto : Labyrinthuset i "ny drakt"

Foto (til høgre): Oppslag i media angående populære fotturbrosjyrar. Henta frå fjuken.no

### Populære turistbrosjyrar

– Turistane plukkar med seg om lag 10.000 brosjyrar kvar sommar.

**NYHEITER**

PUBLISERT: 19 JUNI 2018 15:22  
SIST OPPDATERT: 19 JUNI 2018 15:22





Foto: I regi av Turskiltprosjektet har skiltinga i sentrum vorte forbetra inntil dei store informasjonsskilta. Dette gjeld både ved Vassvaglen og ved Norsk fjellsenter.

- Oppsett av ny infotavle ved Lom Camping (om fotturar og Andvordsbrua). Innholdsproduksjonen har skjedd på eit tidlegare tidspunkt, monteringa skjedde i 2018.
- Flytting av tavla ved Norsk fjellsenter, slik at den står saman med anna fotturskilting og er meir synleg enn tidlegare. Måtte gjennomførast med lokal entreprenør og gravmaskin.
- Skjøtselsarbeid i sentrum og vedlikehald av turstigar, gjennomført av landsbyvakt (drift).



Foto: I 2017 /2018 vart det distribuert ca. 24 000 brosjyrar. Det står att å finne ein god, langsiktig finansieringsmodell for trykking og oppdatering av brosjyrar. Etter at ny merkevare kom på plass vart trykkekostnadane høgare på grunn av papirkvaliteten.

## 3. Video

---

- To-dagars felles videoredigeringskurs på vegne av dei fem landsbyane, der Mari Wedum var innleigd som instruktør. Koordinator deltok på vegne av Lom nasjonalparklandsby. Dette vart dekt med felles midlar frå Norges nasjonalparkkommunar (og landsbyar).

I etterkant av kurset har det mellom anna vore laga to videoar for å vise fram ledige lokale i nasjonalparklandbyen og stimulere til meir aktivitet.

Desse videoane er primært distribuert og delt via Facebook, men kan også sjåast på Youtube-kanalen til Lom kommune.

- Profilerings og distribusjon av timelapse frå Lom sentrum: Timelapsen vart produsert frå 2016 – 2017, og i 2018 vart den delt og distribuert via sosiale medier.

I tillegg skreiv regionalavisa GD ein sak om filmen.

Du kan sjå videoen og lese saka her: <https://www.gd.no/lom/visit-jotunheimen/gdnorddalen/filmet-lom-sentrum-i-ett-ar-slik-ble-resultatet/s/5-18-758869>



The screenshot shows a mobile browser interface. At the top, the address bar displays 'Gudbrandsdølen Dagingen - F...' and the URL 'https://www.gd.no'. Below the address bar, the main heading of the post reads 'Filmet Lom sentrum i ett år - slik ble resultatet'. Underneath the heading is a video thumbnail with a red play button icon. The thumbnail text includes 'Fire årstider i Lom nasjonalp...' and a small logo for 'Lom nasjonalparklandsby'. Below the video, the post is attributed to 'Av Knut Storvik' and dated '03. oktober 2018, kl. 11:49'. The main text of the post states: 'I ett år filmet tre fotografer Lom sentrum. Målet er å vise fram hvor fint det kan være i Lom gjennom fire årstider.'

Foto: Skjerm bilde henta frå GD.no

## 4. Lomsfest 2018

- Lomsfest starta opp etter eit initiativ frå kommunen i 2017, og vart i 2018 gjennomført for andre gong i samarbeid med lokalt næringsliv og friviljug sektor. Landsbykoordinator har delteke i arbeidsgruppa / arrangørgruppa.



Foto: Skjermbilde frå Fjuken.no (<https://www.fjuken.no/Nyheter/2018/08/30/Det-blir-ny-Lomsfest-17427175.ece>)

- Lomsfest vart arrangert frå 18. – 21. oktober på ei tid der det er ganske roleg i Lom, og dei fleste av arrangementa hadde bra besøk. Lomsfest vart dekt i media av Fjuken, GD og NRK Hedmark og Oppland. På programmet stod mellom anna yoga, fargerik frukost, elvebading, dukkesjukjehus og pannekakefest, moteshow, bygdatevling i tråbil, seniorkino og pølse- og ballongfest, erotiske dialogar, seksretters meny på BrimiBue og mykje meir.

Bildeglimt, program m.m. kan sjåast her:  
<https://www.facebook.com/lomsfest/>

## 5. Økonomisk oversikt

Lom nasjonalparklandsby fekk eit tilskot på kr. kr 23 393 i 2018.

Pr. 13. november 2018 står det att kr. 9265 på konto. Dette er midlar som er disponert, men der kommunen ikkje har motteke faktura før sluttrapporten blir levert.

Vedlagt ligg rekneskapsrapport frå 13.11.2018, henta frå Lom kommune sitt økonomisystem:

VSP 2018, bruk av tiltaksmidlar:



1 LOM KOMMUNE (2018) - År/Periode 2018 1 - 11

13.11.2018  
Regnskap  
2018

**Prosjekt: 45018 VSP-TILTAK 2018**

**Ansvar: 450 PROSJ-TEKN/MILJØ/TEKN./NÆRING**

**Teneste: 3355 NASJONALPARKLANDSBY**

1370 KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE

14.127,50

1429 MVA-AVG.PL.ANSKAFFELSER-DRIFT

819,38

1701 REFUSJON FRÅ STATEN

-23.393,00

1729 KOMP. MVA.ANSKAFFELSER DRIFT

-819,38

**Sum teneste: 3355 NASJONALPARKLANDSBY**

**-9.265,50**

**Sum ansvar: 450 PROSJ-TEKN/MILJØ/TEKN./NÆRING**

**-9.265,50**

**Sum prosjekt: 45018 VSP-TILTAK 2018**

**-9.265,50**

**TOTALT**

**-9.265,50**

**Eigeninnsats:**

Pr. 13. november er det brukt i overkant av kr. 500 000 til lønnsutgifter for næringsssjef / landsbykoordinator + sosiale kostnader.

Av denne stillinga er inntil 40 % dedikert til arbeidet med Lom som nasjonalparklandsby, og går inn som eigeninnsatsen til Lom kommune.

I tillegg kjem midlar brukt til Landsbyvakt for vedlikehald av turstigar og skjøtsel i nasjonalparklandsbyen.

Dette utgjør ei lønnsutgift på rundt kr. 15 000 + sosiale kostnadar, samt utlegg på rundt kr. 5000 for bruk av eige utstyr. Dette er ikkje bokført enda.



1 LOM KOMMUNE (2018) - År/Periode 2018 1 - 11

13.11.2018

Regnskap  
2018**Ansvar: 405 NÆRING SSJEF****Teneste: 3258 Næringskontor**

1010 LØN I FASTE STILLINGAR	501.444
1080 GODTGJERSLE MEDL. I UTVAL	3.085
1090 PENSJONSPREMIE KLP	82.890
1092 AVTALEFESTA PENSJON	6.264
1093 ULYKKES- OG GRUPPELIVSFORSIKRING	842
1099 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	38.050
1100 KONTORUTGIFTER	0
1101 FAGLITTERATUR	0
1117 KOMMUNAL SERVERING	1.857
1129 ANDRE DRIFTSUTGIFTER	2.400
1130 PORTO	0
1132 MOBILTELEFON	3.825
1140 ANNONSAR/KUNNGJERINGAR	0
1141 INFORMASJON	0
1143 REPRESENTASJONGAVER	0
1144 PROFILERINGSMATERIAL	0
1150 KURS/OPPLÆRING	0
1151 KONFERANSER	5.374
1160 SKYSS- OG KOSTGODTGJ.-AVG.FRI	0
1370 KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE	0
1429 MVA-AVG.PL.ANSKAFFELSER-DRIFT	1.511
<b>Sum utgifter</b>	<b>647.543</b>
1700 ØYREMERKA TILSKOT	0
1729 KOMP. MVA ANSKAFFELSER DRIFT	-1.511
1951 BRUK AV NÆRINGSFOND	-780.600
<b>Sum inntekter</b>	<b>-782.111</b>
<b>Sum teneste: 3258 Næringskontor</b>	<b>-134.569</b>
<b>Sum ansvar: 405 NÆRING SSJEF</b>	<b>-134.569</b>
<b>T O T A L T</b>	<b>-134.569</b>

# Norges nasjonalparker

Lom sentrum, Fossbergom, er ein av fem tettstadar i Norge som har status som nasjonalparklandsby, og er ein naturleg innfallsport til nasjonalparkane Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen.

Lom har vore pilot for den nye merkevara til Norges nasjonalparker, i samarbeid med Norsk fjellsenter og Jotunheimen nasjonalpark.

Ta gjerne kontakt med Lom kommune eller landsbykoordinator Åshild M. Amundsen ([ashild.amunden@lom.kommune.no](mailto:ashild.amunden@lom.kommune.no)) dersom du ynskjer å vite meir om Lom nasjonalparklandsby.

For meir informasjon om dei fem nasjonalparklandsbyane, ta kontakt med Bjørn Åge Jenssen ([bjorn.aage.jenssen@npkl.no](mailto:bjorn.aage.jenssen@npkl.no)).

## Kontaktinformasjon Norges nasjonalparker

Telefon: 03400/73 58 05 00 | Faks: 73 58 05 01  
E-post: [post@miljodir.no](mailto:post@miljodir.no)  
Nett: [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no)  
Post: Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim  
Besøksadresse: Brattørkaia 15, 7010, Trondheim